



KARANTENENEMNDA

Hilde Barstad

Vår dato	Din dato	Vår referanse
20. oktober 2021	12. oktober 2021	2021/45

Avgjerd i samband med overgang til stilling som direktør i Stiftelsen Kirkens Familievern

Vi viser til di melding Karantenenemnda 12. oktober 2021.

Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene eller saksforbod i samband med overgang frå embete som statssekretær i Justis- og beredskapsdepartementet (JD) til stillinga som direktør i Stiftelsen Kirkens Familievern.

Rettsleg grunnlag

Karantene

Av karanteneeloven § 6 går det fram:

Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlege tilfeller ilegge en politiker karantene, i inntil seks måneder etter fratreden når

- a) det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller*
- b) politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlege fordeler, eller*
- c) overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt.*

Saksforbod

Av karanteneeloven § 7 går det fram følgjande om saksforbod:

Karantenenemnda kan i særlege tilfeller, dersom ett eller flere av vilkårene i § 6 er oppfylt, ilegge en politiker saksforbud i inntil tolv måneder etter fratreden. Saksforbud kan ilegges i stedet for eller i tillegg til karantene.

Dersom det foreligger særlig tungtveiende grunner, kan det ilegges et saksforbud i inntil tolv måneder i tillegg til en karantene på inntil seks måneder.

Saksforholdet

Du har vore statssekretær i Justis- og beredskapsdepartementet frå 7. februar 2021 til 14. oktober 2021. Du har hatt ansvar for saker innan utlendingsforvaltninga og har arbeidd med ny advokatlov og lov om voldsoffererstatning. Du har òg arbeidd med fleire handlingsplanar, mellom anna "Handlingsplan mot vold i nære relasjonar og har du har arbeidd med rusreforma". Du skal starte opp at i stillinga som direktør i Stiftelsen Kirkens Familievern, ei stilling du har hatt permisjon frå i den tida du har vore statssekretær. Stiftinga gjev gratis tilbod innan familievern og har oppdragsavtale med Bufetat. Ansvarer ditt som direktør er overordna og strategisk leiing med leiaransvar.

Karantenenemndas vurdering

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunnjev karantene og saksforbud, og har kome fram til at dette vilkåret ikkje er til stades.

Karantenenemnda viser til at du har hatt ansvar for områder i JD som til ein viss grad er knytt til det faglege ansvaret til Stiftelsen Kirkens Familievern. Stiftinga gjev gratis tilbod og arbeider innan familievern. Ditt arbeid med handlingsplanen for vald i nære relasjonar er relevant for verksemda. Denne handlingsplanen "Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjonar 2021–2024" er gjort offentleg kjent i august 2021.

Karantenenemnda legg i si avgjerd vekt på at det nå har skjedd eit skifte av regjering og at statsbudsjettet og handlingsplanen "Frihet fra vold" er offentleg kjent. Den generelle kunnskapen du har fått om politisk arbeid, og dei saksfelte du har arbeidd med, gjev ikkje grunnlag for å gje karantene ved denne overgangen.

Rett til innsyn

Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

Informasjonsplikt

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv må du melde inn dette til nemnda for vurdering.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Ada Lindset

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:

Statsministerens kontor

Justis- og beredskapsdepartementet

Stiftelsen Kirkens Familievern